



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1667 - 22/34334

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
03.05.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behanda søknaden - gbnr 172/218 Hopland

Tiltak: Bustad
Byggjestad: Gbnr: 172/218
Tiltakshavar: Pål Børslid
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest 20.04.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld følgjande:

1. Felles teknisk infrastruktur som er godkjend etablert i rammeløyve datert 17.08.2018 i sak 18/1688 er ikkje ferdigstilt fram til eigedomen gbnr 172/218. Det vart gitt mellombels bruksløyve for byggetrinn 1 som omfatta BF1 og BF2 i vedtak datert 26.02.2021.

Kommunen kan ikkje gje ferdigattest for tiltak på gbnr 172/218 før felles teknisk infrastruktur fram til eigedomen er ferdigstilt med mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

Vi gjer elles merksam på at rørleggar ikkje har send inn ferdigmelding.

Dersom informasjonen om at felles teknisk infrastruktur er ferdigstilt fram til eigedomen ikkje er sendt til kommunen innan 15.06.2022, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Pål Børslid

Fuglevikvegen 32 B

5912

SEIM

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM